

VINJEROCKGENSEREN

Vinjerockgenseren er strikka i Petter frå Rauma garn. Genserens er strikka med raglanfelling. Dette er ein unisex modell, sjekk måla på storleikane før du bestemmer deg for kva storleik du vil strikke. Vil du strikke genseren i eit anna garn, hugs å sjekke strikkestørrelse samt antall meter på nysta, dette kan variere frå garntype til garntype.



Storleik og mål:

XS (S) M (L) XL (XXL)

Overvidde: 84 (95) 103 (115) 123 (134)

Lengde: 64 (66) 68 (72) 74 (75)

Ermelengde: 48 (48) 5 (50) 52 (52)

Garn du treng:

Petter superwash frå Rauma:

11 (12) 13 (14) 15 (16) nyster i botnfarge.

Modellen er strikka i vinraud 336.

1 (1) 1 (1) 1 (2) nyster i mønsterfarge.

Modellen er strikka i natur 302.

Pinner du treng:

Rundpinne 60 cm nr 3 og nr 3.5

Rundpinne 40 cm nr 3 og nr 3.5

Strømpepinne nr 3 og nr 3.5

Bol:

Legg opp med rundpinne 60 cm nr 3: 184 (208) 228 (256) 272 (296) masker og strikk rundt i vrangbord med 2 rett og 2 vrang 6 cm. Byt til pinne 3,5 Set eit merke i kvar side med 92 (104) 114 (128) 136 (146) masker til fram- og bakstykke.

Hald fram med glattstrikk til arbeidet måler 43 (44) 45 (48) 49 (50) cm. Set no eit merke i midtmaska på fram og bakstykke. Maske 47 (53) 58 (65) 69 (75). (Desse skal du bruke når du skal ta til med diagrammet.)

Fell no 9 masker i kvar side til ermhol. (5 masker i starten på fram- eller bakstykke og 4 masker i slutten på fram- eller bakstykke) Legg arbeidet til side og strikk 2 ermer.

Ermer:

Legg opp 48 (48) 48 (52) 52 (52) masker på strømpepinne nr 3 og strikk vrangbord rundt som på bolen. 2 rett og 2 vrang 6 cm.

Byt no til strømpepinne nr 3,5 og hald fram med glattstrikk.

No strikkar du fyrste maska på omgangen vrang og aukar ei maske på kvar side av denne maska kvar 5. omgang til du har 86 (94) 100 (106) 110 (114) masker.

Hald fram med glattstrikk til ermet måler 48 (48) 50 (50) 52 (52) cm. Fell 9 masker under ermet (vrangmaska er maske nr 5).

Legg arbeidet til side og strikk eit erme til på same måten.

Diagram framstykke





Diagram ermer og bakstykke



■ Syner midtmaska på ermer, fram- og bakstykke

Bærestykke:

Set alle delene inn på rundpinnen slik: venstre erme, framstykke, høgre erme, bakstykke. Dei felte maskene skal koma overfor kvarandre. No har du 320 (360) 392 (432) 456 (488) masker på pinnen. Set eit merke i kvar samenføyning og strikk ein omgang glattstrikk over alle maskene før du tek til med diagrammet.

No må du rekne deg ut på diagrammet slik at midtmaska på diagrammet er den same som på bol og ermer. Samtidig som du strikkar diagrammet, feller du raglan annankvar omgang slik: 2 masker vridd rett saman før sammenføyninga og 2 masker rett saman etter sammenføyninga. (8 masker felt på kvar omgang)

Hald fram slik til du er ferdig med diagrammet. Etter held fram med glattstrikk i botnfarga til du har felt totalt 23 (24) 26 (27) 27 28.

Halsfelling:

Fell dei midterste 17 (19) 23 (25) 27 29 maskene på framstykke og strikk vidare fram

og tilbake med rett på retta og vrang på vranga. Klypp tråden og start omgangen ved halsfellinga.

Pass på at raglanfellingane kjem når du strikkar rettstrikk. Hald fram med raglanfelling samtidig som du feller i starten på kvar omgang 2 masker 3 (4) 4 (5) 5 (6) gonger.

Hals:

Byt til liten rundpinne nr 3 og strikk dei maskene du har att, samtidig som du plukkar opp masker over dei felte halsmaskene (ca 11 masker pr 5 cm) Omgangen skal heretter starte i overgangen mellom bakstykke og venstre erme. Fell jamnt fordelt ned til 120 (124) 128 (132) 136 (140) masker og strikk vrangbord med 2 rett og 2 vrang 8 cm. Fell laust av med rett over rett og vrang over vrang.

Montering:

Fest godt alle endar. Sy saman under ermene. Brett halsen dobbel mot vranga og sy til med lause sting. Legg genseren i fasong mellom 2 blaute klede og la han ligge til han er turr.